

Saksbehandlar: Åge Avedal, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/12204-1

## **Frivilligsentralar i kommunane - endring i støtteordning**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for eldre utarbeider og sender fråsegn som gjeld framtidig finansiering av frivilligsentralar i kommunane til Kulturdepartementet, partigruppen på Stortinget, stortingspolitikarar frå Sogn og Fjordane og representantane i familie- og kulturkomiteen. Sekretariatet lagar forslag til fråsegn utifrå diskusjonane under møtet, som blir sendt på e-post til medlemene i rådet for innspel og endeleg vedtak.
2. Fylkesrådet for eldre utarbeider fråsegn som strekar under at frivilligsentralane må få gode rammer i dei kommunale budsjetta. Fråsegna blir sendt til folkevalde og rådmann / kommunaldirektør i kommunane i Sogn og Fjordane, samt dei kommunale eldreråda. Sekretariatet lagar forslag til fråsegn utifrå diskusjonane under møtet, som blir sendt på e-post til medlemene i rådet for innspel og endeleg vedtak.
3. Dei to fråsegnene blir sendt i kopi til Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane og til nettverket for frivilligsentralar i Sogn og Fjordane.

### **Vedlegg:**

Diskusjonsnotat frå Aud Karin Netland med bakgrunnsinformasjon og forslag til to fråsegner som blir diskutert under møtet.

### **Andre relevante dokument i saka:**

Aktuell sak på regjeringen.no som gjeld frivilligsentralane og framtidig finansiering:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/frivillighet/innsiktsartikler/Frivilligsentraler1/id2000850/>

Nettsak frå Norges frivilligsentralar: <https://www.frivilligsentral.no/nyhet?tilskuddsfordeling-2021&Id=31729>

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Frivilligsentralane i kommunane har vore delvis finansiert med øyremerkta midlar via Kulturdepartementet. Frå 2017 vart tilskotet innlemma i inntektssystemet for kommunane med ein overgangsperiode på fire år. Frå 2021 vil overgangsordninga vere avslutta, og midlane vil bli overført kommunane som ein del av rammetilskotet, utan direkte føringar til kommunane om bruk av midlane.

Fylkesrådet for eldre er uroa over den framtidige finansieringa av frivilligsentralane via kommunane sine budsjett. Sekretariatet gjer framlegg om at det blir utarbeidd to fråsegner som handlar om finansiering av frivilligsentralane, der den eine blir sendt til Kulturdepartementet og folkevalde nasjonalt og den andre til folkevalde, rådmann/ kommunaldirektør og eldreråd lokalt.

## **2. Bakgrunn for saka**

Finansieringa av frivilligsentralane i kommunane ligg an til å bli endra frå 2021, då dei øyremerka midlane og tilskotet kommunane tidlegare søkte på er lagt inn som del av rammetilskotet til kommunane. Det har sidan 2017 vore ei overgangsordning på fire år der den kommunevise fordelinga har følgd tabell c-K. Frå 2021 vil midlane bli fordelt etter ordinære kriterium i inntektssystemet til kommunane. Det er då opp til den enkelte kommune å prioritere midlar til frivilligsentralane via sitt budsjett, og fordelinga av midlar vil bli endra til fordel for kommunar med fleire innbyggjarar.

Norges frivilligsentralar er uroa for endringa i finansieringa frå 2021, mellom anna fordi tilskotet skal innlemmast i kommunane sitt rammetilskot etter ordinære kriterium (innbyggjartilskot). I følgje Norges frivilligsentralar vil dette medføre færre midlar i over halvparten av dei norske kommunane, der det er dei minste kommunane som kan bli mest råka. Norges frivilligsentralar har gjort ei utrekning på dette som er publisert på nettsidene deira:  
<https://www.frivilligsentral.no/nyhet?tilskuddsfordeling-2021&Id=31729>

Støtta til frivilligsentralane gjekk tidlegare via Kulturdepartementet og var for 2018 på 414 000 kr i driftstilskot til kvar enkelt frivilligsentral frå staten. Tidlegare skulle tilskotet dekke 60 prosent av lønsutgifta til dagleg leiar i full stilling, i følgje Norges frivilligsentralar.

Midlane til frivilligsentralane var løyvde via Kulturdepartementet sitt budsjett over kap. 315, post 71 fram til 2016. Midlane har auka årleg sidan vedtaket om å overføre ansvaret for frivilligsentralane sine tilskot til kommunane. I 2016 var støtta på 127,8 millionar kroner. I forslaget til statsbudsjett for 2020 er støtta på 200,2 millionar kroner.

Frivilligsentralane er lokale møteplassar for folk, lag/foreiningar og det offentlege som bidrar til frivillig innsats for og med det breie lag av befolkninga rundt om i landet. I følgje Norges frivilligsentralar er det i dag 463 frivilligsentralar i drift fordelt på 353 kommunar.

Fylkesrådet for eldre har via e-post hatt diskusjon som gjeld finansieringa av frivilligsentralane. Aud Karin Netland har på bakgrunn av dette og etter kontakt med m.a. frivilligsentralen i Gloppen sendt inn eit dokument med litt bakgrunnsinformasjon og det som kan vere utgangspunktet for to fråsegner om temaet (sjå vedlegg).

## **3. Konklusjon**

Endringa i finansiering av frivilligsentralane vil potensielt kunne gå ut over midlane til frivilligsentralar i dei mindre kommunane. Midlane vil også i større grad kunne bli ein del av ein prioriteringsdiskusjon knytt til kommunale budsjett. Øyremerka tilskot kan vere avgjerande for å sikre det lokale tilbodet. Samtidig er ei omlegging av støtta der midlane blir innlemma i rammetilskotet med å gje dei lokale folkevalde i kommunane auka sjølvstyre, og kan muligens medføre at enkelte kommunar vil løyve meir midlar til frivilligsentralane enn tidlegare.

Sekretariatet tilrår at fylkesrådet for eldre utarbeider og sender ut to fråsegner om endringa i finansieringa av frivilligsentralane, der rådet peikar på utfordringane med dette. Den eine fråsegna kan stilast til Kulturdepartementet og nasjonalt folkevalde med oppmoding om å sørgje for at det ikkje blir negative verknader av vedtaket om ei omgjerding av støtta. Den andre fråsegna kan stilast til lokalt folkevalde, rådmenn / kommunaldirektørar og dei kommunale eldreråda der ein peikar på ulempene med endringa og minner om at frivilligsentralane kan bli del av ein større prioriteringsdiskusjon ved budsjetthandsaminga i kommunane frå 2021.